

Møteprotokoll

Utval:	Fylkesvalstyret
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	16.09.2021
Tid:	17:00-17:45

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	Sp
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Marthe Hammer	Medlem	SV
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp
Torbjørn Vereide	Medlem	A

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Trude Brosvik	Medlem	KrF
Noralv Distad	Medlem	H
Morten Klementsens	Medlem	UA
Terje Søviknes	Medlem	Frp

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Rasmus Laupsa Rasmussen	Anne Gine Hestetun	A
Kristina Vaktkjold Hamre	Trude Brosvik	KrF
June Vibecke Knudtsen	Noralv Distad	H
Indrevik		
Trym Helge Aafløy	Morten Klementsens	UA
Helge Stormoen	Terje Søviknes	Frp
Linda Monsen Merkesdal	Arve Helle	A

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar politisk sekretariat

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 16/21	Godkjenningssaker Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 13/21	Politiske saker Godkjenning og forkasting av røystesetlar og røystegjevingar	2020/49095	

Godkjenningssaker

GK 16/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesvalstyret - 16.09.2021

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

Politiske saker

PS 13/21 Godkjenning og forkasting av røystesetlar og røystegjevingar

Forslag til vedtak

Fylkesvalstyret forkastar røystesetlar og røystegjevingar som vert lagt fram i møtet.

Fylkesvalstyret tek møtebøkene frå valstyra i kommunane til orientering.

Saksprotokoll i fylkesvalstyret - 16.09.2021

Det vart lagt fram 17 røystesetlar for handsaming av fylkesvalstyret i møtet.

Fylkesvalstyret vedtok samrøystes å lukke møtet under handsaminga av 1 av røystesetlane. Opplysningar som går fram av røystesetelen er underlagt teieplikt. Det krev at møtet vert lukka jf. Kommuneleva § 11-5 tredje ledd litra a.

Fylkesvalstyret vedtok samrøystes følgjande protokollmerknad til riksstyret:

«Fylkesvalstyret ønskjer å gjere riksstyret merksam på at den generelle røystesetelen har ein svakheit. Ved fleire høve har veljaren kryssa av på nummer 23 utan å skrive kva liste dei ønskjer å røyste på. Dette er feltet der veljaren kan skrive inn namnet på ei liste som ikkje er ført opp på røystesetelen. Fylkesvalstyret meiner at det er truleg at veljaren her ønskjer å røyste blankt. Fylkesvalstyret ber om at desse røystesetlane vert justert ved framtidige val, slik at det er lettare for veljaren å bruke røystesetelen rett.»

Fylkesvalstyret si handsaming av røystesetlane og protokollmerknaden går fram i fylkesvalstyret si møtebok for kontrollteljinga. Denne vert lagt fram for fylkesvalstyret i møtet 21. september.